



**MUSEA I SOGN  
OG FJORDANE**

## Referat styremøte i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

**Stad:** Ramstad og Sunnfjord Museum

**Dato:** Onsdag 22. november 2023

### Program:

0930: Orienteringar på Tinghuset ved prosjektleiar Øyvind Tåsåsen og byggeleiar Hans Martin Holsen

1100: Sakshandsaming og orienteringar

1330: Omvising i utstillinga «Skakke folkedrakter» på Sunnfjord Museum ved museumsleiar Marie Nicolaisen

Desse møtte:

Styret:

Styreleiar Ivar Kvalen, nestleiar Gunhild Berge Stang, styremedlem Magni Aa Berge, styremedlem Rune Hegrenes, styremedlem Knut Arve Helle, styremedlem Therese Nesset.

Styremedlem Siri Sandvik hadde meldt fråfall. Andre varamedlem Frode Bøthun hadde stadfesta deltaking, men måtte melde fråfall i siste liten.

Første vara Hege Lothe og første vara for dei tilsette Hilde Wiik til orientering.

Frå administrasjonen:

Leiargruppa: Janne Gimmestad, Thomas Walle, Synnøve Bjørset, Tor Martin Leknes, Jan Heggheim, Henning Hellebust.

### Orienteringar i møtet:

Budsjett 2024

Budsjettsøknad 2025

Oppfølging av strategiplanen

Mindre orienteringar:

Avtale Lærdal kommune om Sogn Kunstsenter er signert

Sunnfjord Sogelag avgjer overdraging av Sunnfjord Museum til MiSF på ordinært årsmøte i januar/februar

Arbeid med museumsleiarrolla

Avvikssystem innført

Oppfølging strategiplan, orienteringar ved avd dir Synnøve Bjørset, avd dir Tor Martin Leknes, avd dir Thomas Walle, og kommunikasjons- og marknadssjef Henning Hellebust



## Orienteringar i samband med handsaminga av dei aktuelle sakene:

Rekneskap og prognose

### Vedlegg:

### Saker til handsaming:

#### Sakliste:

- Sak 44/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste**
- Sak 45/2023 Referat frå styremøte 15. september 2023**
- Sak 46/2023 Rekneskap pr 31. oktober 2023**
- Sak 47/2023 Sjukefråvær andre kvartal og siste år**
- Sak 48/2023 Besøktal hittil i 2023**
- Sak 49/2023 Budsjett 2024, orientering og status og framdriftsplan**
- Sak 50/2022 Budsjettsøknad 2025**
- Sak 51/2023 Utbyggingsprosjekt**
- Sak 52/2023 Søknad nasjonale kulturbygg budsjettåret 2025**
- Sak 53/2023 Møteplan 2024**
- Sak 54/2023 Stipendtildeling (orienteringssak)**
- Sak 55/2023 Eventuelle innkomne saker**

#### **Sak 44/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Vedtak:  
Innkalling og sakliste vert godkjend

#### **Sak 45/2023 Referat frå styremøte 15. september 2023**

Vedtak:  
Styret stadfestar at referatet allereie er signert.

#### **Sak 46/2023 Rekneskap pr 31. oktober 2023**

Janne Gimmestad

Vedtak:  
Styret tek rekneskapen pr 31. oktober med ei omsetning på 57 197 607 kr og ei resultat etter finanspostar på 4 383 314 kr til etterretning.

#### **Sak 47/2023 Sjukefråvær andre kvartal og siste år**

Atle Reidar Sandnes/Jan Heggheim

Styret skal vere oppdaterte på gjeldande sjukefråvær i sitt arbeid.

#### **Bakgrunn:**



## Sjukefråvær 3. kvartal (Q3), og samla fråvær pr 30.09.2023

I 3. kvartal er det ein moderat auke i korttidfråvær (1-16 dagar). Det er også auke i (sjukemeldt) fråvær over 16 dagar. MISF har eit fråvær som ligg under, og i enkelte periodar likt med sammenliknbar næring.


### Fråvær, Q 3 2023


Type fråvær	Fråvær i %	(Q 2)
Eigenmelding	1,42	(0,68)
Sjukemelding < 16 dg	0,58	(1,03)
<b>Kortidsfråvær (eigenmeldt og sjukemelding &lt;16)</b>	<b>1,99</b>	<b>(1,71)</b>
Sjukemelding > 16 dg	1,96	(0,69)
<b>Totalfråvær</b>	<b>3,96</b>	<b>(2,40)</b>

### Løpande .30.09.2023-30.09.23

Type fråvær	Fråvær i %	(31.07.2023)
Eigenmelding	1,59	(1,41)
Sjukemelding < 16 dg	0,79	(0,62)
Kortidfråvær (eigenmeldt og sjukemelding < 16 )	2,39	(2,19)
Sjukemelding > 16 dg	2,12	(2,05)
<b>Totalfråvær</b>	<b>4,51</b>	<b>(4,09)</b>


### Utvikling over tid





#### Samalikna med andre (kjelde: NAV)

- + Overordnet enhet: STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE
- ♦ Bransje: Drift av biblioteker, arkiver, museer og annen kulturvirksomhet
- ▲ Sektor: Kommunal forvaltning
- Norge



#### Konklusjon:

Administrasjonen konstaterer at sjukefråværet har ein liten auke i tredje kvartal, men ser ikkje at dette er anna enn naturleg svinging. Direktøren vurderer det framleis slik at sjukefråværet er på eit akseptabelt nivå. Dette vert stadfesta av samanlikninga med andre arbeidstakargrupper.

#### Vedtak:

Styret tek rapporten til orientering.



## Sak 48/2023 Besøktal hittil i 2023

Torunn Skarstad/Jan Heggheim

Bakgrunn:

Styret skal vere løpande orientert om besøktal

Drøfting:

SUM BESØKSTAL ALLE BESØKSTADER I M																			
BESØKSTAD	VAKSNE	BARN	JAN	FEB	MARS	APRIL	MAI	JUNI	JULI	AUG	SEPT	31.09.2023	SUM 31.09.2022	Endring I tal	Endring I %				
NORDFJORD FOLKEMUSEUM	1 901	389	0	75	111	113	149	378	1054	355	55	2 290	2 203	87	3,9 %				
KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE	2 034	1 713	0	258	263	63	207	763	739	574	880	3 747	5 580	-1 833	-32,8 %				
VAGSBERGET	756	50	0	0	0	0	0	205	467	134	0	806	215	591	274,9 %				
SUNNFJORD MUSEUM	2 399	1 009	0	96	104	216	259	666	1095	553	419	3 408	2 770	638	23,0 %				
DHS-SOGN FOLKEMUSEUM	5 704	2 637	84	294	301	169	859	1761	1715	1707	1451	8 341	6 666	1 675	25,1 %				
SOGN FJORDMUSEUM	670	177	0	0	0	5	10	159	456	217	0	847	0	847	#DIV/0!				
KVERNSTEINSPARKEN	1 508	838	63	104	143	20	73	1024	497	310	112	2 346	898	1 448	161,2 %				
NORSK REISELIVSMUSEUM	6 453	306	0	299	346	102	813	951	1725	1589	934	6 759	5 629	1 130	20,1 %				
SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM	6045	1217	320	273	359	195	1030	1575	1589	1006	913	7 282	4 276	2 986	69,8 %				
EIKAASGALLERIE	511	32	0	0	2	7	32	110	184	183	25	543	617	-74	-12,0 %				
ASTRUP TUNET	3351	32	0	0	4	12	254	985	1575	739	315	3 884	3 190	694	21,8 %				
SOGN KUNSTSENTER	2236	0	0	0	0	0	0	750	750	368	368	2 236	1 694	542	32,0 %				
SUM KVAR MÅNAD	33 568	8 400	467	1 399	1 633	902	3 686	9 327	11 846	7 737	5 472	42 469	33 738	8 731	25,9 %			Auke I %	
																			25,9

Ein auke på 26% er godt nytt, men talet på same dato i 2019 var 49 631. Totalt tal besøkjande i 2019 var 58 000. Dersom trenden held seg, vil vi ligge rett under 50 000 besøkjande i 2023.

**Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitende.

## Sak 49/2023 Budsjett 2024, orientering og status og framdriftsplan

Janne Gimmestad

Saka vert ettersend seinast onsdag 15. november

**Vedtak (tal i heile tusen):**

Styret vedtek budsjett 2024, med ei omsetning på 72 067 og eit resultat etter finanspostar på 3 044 etter finanspostar.

Det vert elles vist til budsjettsaka.

## Sak 50/2022 Budsjettøknad 2025

Jan Heggheim

**Vedtak:**

Styret vedtek det framlagde forslaget til søknad som Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane sin budsjettøknad for 2025.

## Sak 51/2023 Byggeprosjekta, orienteringssak

Øyvind Tåsåsen/Jan Heggheim

**Bakgrunn:**



Vi har mange byggeprosjekt i gang hausten 2023, og fleire under utvikling. Vi ynskjer å gi ei orientering om dei som er i aktivitet. Dette gjeld

- Tinghuset i Angedalen
- Verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta
- Renoveringstiltak Kystmuseet

Vi ynskjer også å orientere om

- Første fase driftsbygg i Kvernsteinsparken
- Ombygging med mål om nye kontor og møterom på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
- Ombygging av første etasje Kunstmuseet

### **Drøfting:**

#### **Tinghuset i Angedalen, første fase**

Bygget er i rute, og skal vere klart for overlevering 21. desember 2023. Det er så langt kome endringsmeldingar på 410 000 kr., og vi ventar ikkje mykje meir av dette. Det betyr at vi nyttar lite av budsjettposten for uventa kostnader. Posten interiør har vore underbudsjettert, men vi har fått brukt utstyr frå tidlegare Hafstad vgs som hjelper oss ein god del. Vi legg opp til opningsarrangement fredag 2. februar 2024. Vi fekk ikkje driftsmidlar frå staten til drift av Tinghuset i 2024, og dette gjer at driftsbudsjettet vårt vert endå trangare.

#### **Verne- og formidlingsbygg Holvikejekta**

Jekta er flytta til mellombels hus i rubhall. Vi ventar no på at entreprenør og kommune får på plass rammeløyve og igangsetjingsløyve. Desse er avhengig av høyring på rammeløyvet, og vi reknar med at dette er klart på denne sida av nyttår. Byggetid er rekna 11 mnd frå oppstart.

#### **Renoveringsprosjekt Kystmuseet**

Kystmuseet opplever store utfordringar med lekkasjar. Dette er ikkje nytt, men har utvikla seg negativt dei siste åra. Det er særleg hall 1 som er råka, det er den austlegaste hallen som har hatt kontor og båtutstilling, i tillegg til bibliotek og matrom for dei tilsette. Vi fekk 1 mill kr i revidert nasjonalbudsjett i mai, og nyttar no denne til tetting av bygget for å unngå vassinntrenging. I samband med dette måtte vi rive ein del panel og to toalett innvendig. Det gjer at vi må finne alternative løysingar for dei tilsette som er påverka. Vi legg opp til å bygge nye kontor og møterom i den nemnde hall 1 i samband med det andre arbeidet som går føre seg. Dette må vi truleg finansiere ved å bruke noko av eigenkapitalen. Mellombelse kontor blir truleg i hall 2 der vi i dag har resepsjon, kafe og undervisnings/utstillingsrom. Kostnadene med kontor og mellombelse løysingar er ikkje kjende i skrivande stund.

Anlegg som er planlagde, men ikkje starta opp:

#### **Driftsbygg i Kvernsteinsparken, første fase**

Vi hadde planlagt å bygge eit enkelt kontorbygg i Kvernsteinsparken, kostnad berekna til ca ein mill kr. Hyllestad kommune eig resten av bygningsmassen og signaliserte at dei ynskjer å eige alle bygningane, noko vi finn rimeleg. Difor har dei



gitt melding om at dei ynskjer å bygge huset og leige det ut til oss. Vi har overlevert teikningar og det dei treng, kommunen løfter vonleg saka i budsjett 2024. Der er mange gode argument for at vi skal ha varme kontor i parken, ikkje minst omsynet til dei tilsette og besøkjande skuleelevar vinterstid.

#### **Ombygging til nye kontor og møterom, DHS – SF:**

Der ligg føre planer om nye kontor og nytt møterom, begge deler i den delen der biblioteket ligg. I tråd med spørsmål på siste styremøte har vi tinga ei skisse som tek føre seg heile hovudbygningen. Det blir Heidi-Katrin Osland som gjer dette, ho kjenner huset godt. Det vil bli ei prioriteringssak i budsjettet om vi set i gang dette i 2024.

#### **Ombygging første etasje i kunstmuseet:**

Sogn og Fjordane Kunstnarsenter har leigd eigne lokale utanfor kunstmuseet, etter ein prosess som har gått over fleire år. Vi vil då redusere storleiken på butikken, vi må ha samanheng mellom resepsjon og kafe, med høve til felles betjening i periodar med lite besøk, vi vil gjerne ha ein verkstad for familiar, og til slutt eit betre møterom. Det er sett ned ei prosjektgruppe som skal arbeide med ein forstudie, her har vi med oss arkitekt, og representantar for framtidig potensielle drivarar av kafeen. Vi må også innleie samtaler med byggeigar Vestland fylkeskommune slik at dei er med i prosessen. Realistisk gjennomføring er tidlegast haust 24.

#### **Vedtak:**

Styret tek dei framlagde prosjektskildringane til orientering.

### **Sak 52/2023 Søknad nasjonale kulturbygg budsjettåret 2025**

Jan Heggheim

(Alle beløp i tusen kr)

MiSF søker om følgjande under ordninga «nasjonale kulturbygg» for 2024:

<b>Prosjekt</b>	<b>Total kostn</b>	<b>Søkt dep</b>
Fullføring Tinghuset	25 645	17 182
Driftsbygningar Kystmuseet	10 760	3 550

#### **Vedtak**

Styret godkjenner prioriteringane i søknader til ordninga nasjonale kulturbygg i statsbudsjettet for 2025.



## **Sak 53/2023 Møteplan 2024**

Jan Heggheim

### **Vedtak**

Styret vedtek følgjande møteplan for 2024:

Tysdag 27. februar, Sandane

Fredag 12. april, Jølster, opning Astruptunet

Tysdag 18. og onsdag 19. juni, Skjolden

Torsdag 12. september, Hyllestad

Fredag 22. november, med høve til middag og overnatting. Sandane eller annan høveleg stad

(I etterkant har det kome fram at der er fylkesting den 18. og 19. juni, Siri Sandvik har meldt at ho ikkje kan delta. Direktøren kjem til å drøfte endring av desse datoane med styreleiaren og vurdere å flytte samlinga)

## **Sak 54/2023 Stipendtildeling (orienteringssak)**

Tor Martin Leknes

Bildende Kunstneres Hjelpfond (BKH) sine delegerte tildelingar har som formål å styrke det regionale kunstfeltet i tilknytning til verksemda ved kunstsentra i Noreg, ved å stille eit beløp til disposisjon for produksjonsstipend vedteke av senteret. Sogn og Fjordane Kunstmuseum sitt BKH-stipend er etablert i samarbeid med BKH og har til formål å stimulere kunstnarleg verksemd i Sogn og Fjordane.

Kunstnarar knytt til Sogn og Fjordane kan søke. Søknaden vert vurdert på grunnlag av prosjektomtale, CV, digitalt visuelt materiale og andre verksreferansar.

Stipendet delast ut til to kunstnarar som får tildelt 100.000 kvar. Desse vert kunngjort ved pressemelding etter orientering i styret 22.11.2023.

### **Grunngjeving:**

Kunstfagleg råd vurderte 2 av søknadane som relevante. Ein av søknadane møtte ikkje kriteria til stipendet. Rådet legg vekt på at stipendmottakar har tilknytning til Sogn og Fjordane og at prosjektet kan gjennomførast her. Mottakar av årets stipend har bygd opp ein god søknad, med fylldig skildring av prosjektet sitt. Kunstnarens vektlegging av gjenbruk av tekstilmateriale til nye kunstverk, i tillegg til bruk av neslefiber til vevnadar, har rådet vurdert som relevante og aktuelle. Mottakar er ein erfaren og etablert





tekstilkunstnar med fleire separat- og gruppeutstillingar både nasjonalt og internasjonalt. Kunstnarskapet er i ei interessant utviklingsfase, og stipendet bidrar til ytterlegare fagleg fordjuping.

Det er ei glede å tildele BKH-stipend for 2023 til Audgunn Naustdal Holsen.

**Vedtak:**

Styret tildeler Sogn og Fjordane Kunstmuseum sitt BKH-stipend 2023 til Audgunn Naustdal Holsen.

**Sak 55/2023 Innkomne saker**

Der var ikkje meldt inn saker

Digital signatur:

Styreleiar Ivar Kvalen, nestleiar Gunhild Berge Stang, styremedlem Magni Aa Berge, styremedlem Rune Hegrenes, styremedlem Knut Arve Helle, styremedlem Therese Nasset.